



Caroline og Marc Ramondou med borna Agnes (7 år), Auguste (10 år) og Basile (12 år).

**I går fekk Bygdetunet Rød franske gjester på besøk. Det var familien Ramondou frå Lyon. Kvar sommar i ferien kjem Caroline og Marc Ramondou til Uskedalen. Med seg har dei borna Basile, Auguste og Agnes. I Uskedalen bur dei på Kapteinsgården hos Rita Ramondou, mor til Marc.**

På Bygdetunet Rød fekk familien sjå og oppleve korleis ein budde i Uskedalen for 100 år sidan. Rød var eit leidningsbruk under Baroniet Rosendal. Det var på mange måtar eit enkelt levesett med tronge buformer. Røykstova vart brukt til det meste, også omgangsskule for gardane Ljosnes og Rød før bygda fekk fast skule frå 1861.

Med mykje regn og stor elv fekk familien Ramondou sjå kverna i bruk. Kverna vart i si tid flytta frå Døssland, men står på same plassen som det opphavleg var kvern på Brigtatunet.

Bygdetunet Rød har ikkje faste opningstider, men det kan tingast omvisning på mobil: 915 31 487

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal